



Hardangerrådet iks



Referat frå møte i Hardanger kulturråd i Odda, torsdag 19.04.18 kl 09:00 – 13:00.

Tilstades:

Lisbeth Bygstad Celik, Eidfjord kommune

Mary Ann Sørheim, Kvam herad

Lage Thune Myrberget, Odda kommune

Anne Marit Lekve, Ulvik herad

Fra Hardangerrådet: Trude Rinaldo og Jostein Eitrheim

Forfall:

Olav Seim, Granvin

Inger Sekse, Ullensvang herad

Olaug Værland, Jondal kommune

Agenda:

10.00 – 11.00: Sakshandsaming Hardanger Kulturråd

11.00 – 11.45: Lunsj

11.45 – 13.00.: Sakshandsaming Hardanger Kulturråd

Sakliste:

1. Saker innmeldt ved starten av møtet – Vert drøfta under siste sak.

Mail fra Lage Thune Myrberget Vert diskutert under ymse.

2. Regionalt kulturfond Hardanger

Rådet diskuterte saka, og ventar med tiltak til etter diskusjon med Hardangerrådet og Knut Olav Åmås om status for kultur i kommunane.

Utlýsing for 2018 etter juni møtet.

3. Kultursatsinga i Hardangerkommunane - utfordingane

Rådet gjekk igjennom dokument til førebuing møte med Knut Olav Åmås, delvis oppgradert i møtet. Vert gjort ferdig og sendt til godkjenning snarast.

Spørsmål :

Kulturlova – har den noko verdi eller er det ei skinnlov?

- førebu seanse med Knut Olav Åmås og Hardangerrådet 14.6.2018

4. Tilbakemelding frå kultur og næringsgruppe i Hardanger

Dette er eit fruktbart samarbeid, som har etter kvart som behovet har vist seg, kalla inn nye medlemmer eller innleiarar til sine møter. I dag er gruppa samansett slik: HardingPuls, Hardanger Kunstlag, HardingART, Litteratursymposiet, Haugesenteret, HVM, leiar i Hardanger kulturråd og leiar Team Hardanger Natalia Golis.

Kultur er viktig for reiselivet og viktig for kultur for å skapa næring. Så dei har hatt møte med RHF. Og for å utvikla entreprenørskapstanken har Næringshagen i Hardanger vore leigd inn med Kjersti Bjørke. Saman skriv dei no ein søknad, der mål er prosjektstilling for å arbeida fram måla og verta meir synlege.

Hardanger kulturråd inviterar inn prosjektleiar når den er på plass.



Hardangerrådet iks



5. Status arbeid med visningssenter Knud Knudsen i Hardanger

Odda kommune har bevilga pengar og arbeider for eit Knud Knudsensenter. Det er idag dialog mellom HVM, kuratorar og Odda kommune vedrørande detaljar i avtalen!

6. Ymse

Spørsmål er om me kan knyta kultur opp mot kollektivtrafikk. Korleis kan ein arbeida saman for å få det til. Dagleg leiar tek kontakt med skyss og ber om eit møte.

7. Kva skjer i Kultursektoren i Hardangerkommunane

Odda: Her er mange festivalar og konsertar i nær framtid. Kan nemna Hardanger musikkfest, Jernroa festival, Store konsertar med kjende artistar både 1. -og 14. juni.

Eidfjord: Galleriet har opna, og i år er det av ulike årsakar ei samleutstilling. Spennande måte å arbeida på, kan godt skje igjen. Truleg siste sommar for kammermusikkførestillingar.

Kvam: Kulturminneplanen er ferdig, og arbeider med idretts- og friluftsplan. Er med å bidreg for at det er sommaraktivitetar for born i heradet, dette er viktig arbeid. Kinck jubileumet i 2018 er heradet med og står opp om. Elles er det mykje forvaltning og behandling av søknader.

Ulvik: Kulturminneplanen er ferdig i Ulvik. Her er også mykje forvaltning, men har tett samarbeid med arrangement og festivalar, dei frivillige og skapar gode ting saman med midlar frå Sparsertokken og den kulturelle skulesekken.

Referat Trude L. Rinaldo